



Reknes Byggjevarer LL
Masfjordvegen 187
5986 HOSTELAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/7603 - 14/28615

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
30.12.2014

Søknad om løyve til oppføring av bustad på gbnr 102/140 - trong for tilleggsdokumentasjon.

Kommunen viser til søknad om løyve til oppføring av bustad og søknad om utsleppsløyve mottatt 20.11.2014.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at det er trong for tilleggsdokumentasjon, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

Søknad om utsleppsløyve:

- Delar av omsøkte avlaupsanlegg er plassert i område avsett til LNF-føremål. Tiltaket er i strid med plan og krev dispensasjon for å kunne godkjennast, jf punkt 3 i søknadsskjema.
- Det er ikkje gjort greie for eventuelle brukarinteresser i området. Eventuelle brønnar og borehol bør gå fram av situasjonsplanen.
- Administrasjonen føreset at søknaden om utsleppsløyve er nabovarsla samstundes med søknaden om byggjeløyve.

Søknad om løyve til tiltak:

- Omsøkte tilkomstveg til eigedomen er vist på kartet. Det må sendast inn naudsynt lengde- og tverrprofil av vegen før kommunen kan handsama tiltaket. Avkjørsler til private vegar skal tilfredsstilla dei same tekniske krav til utforming som er sett for avkjørsler til offentlege vegar, jf punkt 1.8 i kommuneplanen sine bestemmelsar.
- Tilkomstvegen til eigedomen ligg på gbnr 102/4. Eigar av gbnr 102/81 og 102/139 må også nabovarslast.
- Avstanden mellom omsøkt tilkomstveg og eigedomen gbnr 102/82 er ikkje oppgitt. Dersom vegen vert plassert nærare nabogrensa enn 4 m må det liggja føre erklæring med løyve frå eigar, eller det må søkjast om dispensasjon frå avstandsreglane i pbl § 29-4.
- I samsvar med punkt 5.14 i kommuneplanen er maksimal tillatt gesimshøgde 6 m målt frå planert terreng. For bustadar med takoppbygg skal gesimshøgda reknast til toppen av takoppbygget, jf TEK 10 § 6-2. Gesimshøgda er ikkje oppgitt, men ut frå teikningane vurderer administrasjonen at

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



omsøkte tiltak ikkje er i samsvar med bestemmelsen i kommuneplanen på dette punktet. Administrasjonen vil tilrå at omsøkte bustad vert endra i samsvar med plan. Ved tilbakemelding på dette punktet ber vi om at ansvarleg søker også gjer greie for bygget sine visuelle kvalitetar, jf pbl § 29-2.

Det er søkt om utvida avkjørsle til kommunal veg. Kommunen gjer merksam på at det vart gjeve avkjøringsløype i samband med delingssaka, jf. vedtak datert 16.04.2012, som framleis er gjeldande.

Nye tiltak kan ikkje lokalisrast i konflikt med kulturminne. Søknaden vert send Hordaland Fylkeskommune for uttale i samsvar med punkt 5.18 i kommuneplanen.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjonen vert sendt inn samla innan 01.03.2015. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming. Når saka er arkivert utan handsaming må det sendast inn full ny søknad.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Inger Johanne Nilsen og Thomas
Fjellsbø

Svehaugane 1

5955

LINDÅS